

Plan for samarbeid

Fag- og tenesteutvikling i - og rundt
Region Nordhordland Helsehus



Del 1 - Styringsdokument

Versjon 1.0

Innhald

| | |
|--|----|
| Del 1 – Styringsdokument | 3 |
| Samandrag..... | 3 |
| 1. Om felles plan for samarbeid om fag- og tenesteutvikling | 4 |
| 1.1 Felles plan..... | 4 |
| 1.2 Føresetnader for felles utvikling | 5 |
| 1.3 Overordna planar | 7 |
| 2. Mål og føremål for samarbeid knytt til Region Nordhordland Helsehus | 8 |
| 3. Felles satsingar for Fag - og tenesteutvikling 2022-2026 | 9 |
| 4. Styringsmodell for organisering av samarbeid om fag- og tenesteutvikling frå 2022 → | 10 |
| 4.1 Styringsmodell..... | 10 |
| 4.2 Styringsgruppa..... | 10 |
| 4.3 Ressursgruppa | 11 |
| 4.4 Prosjektleiar..... | 12 |
| 4.5 Temagrupper..... | 12 |
| 4.6 Referansegrupper..... | 13 |
| 5. Økonomiske rammer – ressursbehov og finansieringsmodell | 13 |
| 5.1 Ressursbehov | 13 |
| 5.2 Finansieringsmodell..... | 14 |
| 6. Evaluering av felles plan del 1 og del 2..... | 14 |

Versjonskontroll

| Versjon | Godkjent av | Dato |
|----------------|--|-------------|
| 1.0 | Styringsgruppa for Fag- og tenesteutvikling i og rundt RNH – konsept- og utgreiingsfase | 25.mai 2022 |

Del 1 – Styringsdokument

Samandrag

Det overordna målet med Region Nordhordland Helsehus er å realisere eit bygg som legg til rette for brukarvenlege, bærekraftige og framtidsretta løysingar, der kommunale, interkommunale og spesialiserte helsetenester vert samlokalisert og samarbeider på tvers av tenester og nivå.

Det er gjennomført ei konsept- og utgreiingsfase for samarbeidsprosjektet *Fag- og tenesteutvikling i og rundt Region Nordhordland Helsehus (2019 – 2021)*, med mål om å utarbeide ein felles plan med føremålstenlege rammer for gjennomføring og framtidig utvikling.

Plan for samarbeid omhandlar:

- *Del 1 Styringsdokument* - tydeleggjer mål og rammer for satsinga, konkretiserer organisering og styringsstruktur for korleis tenestene i fellesskap kan arbeide for å nå måla med prosjektet.
- *Del 2 Handlingsplan* - konkretiserer og legg til rette for operasjonisering av felles prioriterte satsingsområda.

Det er tilsett ein prosjektleiar som skal ha ansvar for å koordinere og leie arbeidet med oppfølging av mål, prioriterte tiltak og satsingar.

Når Del 1 Styringsdokument er godkjent, vil Del 2 Handlingsplan med prioriterte satsingar og tiltak knytt til dette bli utarbeidd.



1. Om felles plan for samarbeid om fag- og tenesteutvikling

[Region Nordhordland Helsehus](#)(RNH) er eigd av dei sju Nordhordlandskommunane Alver, Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen og Osterøy. Helsehuset samlar kommunale tenester innan helse, omsorg og oppvekst, spesialisthelsetenester innan somatikk, psykisk helse og rus, samt tannhelsetenesta.

Det overordna målet med prosjekt Region Nordhordland Helsehus er å realisere eit bygg som legg til rette for brukarvenlege, berekraftige og framtidsretta løysingar, der kommunale, interkommunale og spesialiserte helsetenester vert samlokalisert og samarbeider på tvers av tenester og nivå.

1.1 Felles plan

Føremålet med denne planen er å legge til rette for eit samlande og inkluderande samarbeid på tvers av ulike fagmiljø og tenestenivå i og rundt Helsehuset. Målet er å etablere ei føremålstenleg styring av dette arbeidet, samt å utforme og forankre felles satsingsområde med operasjonaliserbare tiltak knytt til dette.

Plan for samarbeid om *Fag- og tenesteutvikling i- og rundt Region Nordhordland Helsehus* er delt i to delar, der Del 1 utgjer *styringsdokumentet* og Del 2 er tilhøyrande *handlingsplan*.

1.1.1 Styringsdokumentet

Styringsdokumentet skildrar felles prinsipp og mål for utviklingsarbeidet, prioriterte satsingar, samt organisering og styringsstruktur med oppgåver og mandat for samarbeidsaktørane.

Gjennom styringsdokumentet forpliktar partane seg til å sikra naudsynt økonomi og ressursbehov for gjennomføring av tiltak. Tiltak som kan medføre auka ressursbruk skal avklarast med aktuelle partar¹ før tiltak vert iverksett og gjennomført

Styringsdokumentet skal gje struktur og rammer for involvering, mynde og forankring.

1.1.2 Handlingsplan

Del 2 utgjer handlingsplanen som skal konkretisere og legge til rette for operasjonalisering av felles prioriterte satsingsområde. Handlingsplanen skal i utgangspunktet kunne fungere som eit levande dokument, med ei årleg evaluering og oppfølging som sikrar dette.

¹ Kommunane Alver, Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen og Osterøy, Helse Bergen HF, Haraldsplass Diakonale Sykehus og Vestland fylkeskommune.

1.2 Føresetnader for felles utvikling



1.2.1 Utfordringsbilde og forventa endringar

Det nasjonale utfordringsbilde viser at innbyggjarane sine behov for heilskaplege og koordinerte tenester ikkje vert svara godt nok for. Tenestene framstår ofte som fragmenterte og prega av for liten innsats for å avgrensa og førebygga sjukdom. Demografisk utvikling og endring i sjukdomsbiletet gir utfordringar som vil kunne trua samfunnet si økonomiske bereevne. Statistiske data viser at utviklingstrekk byggjer oppunder dette utfordringsbiletet, også for kommunane i Region Nordhordland.

Figur 1 og 2:

Figurane viser at den yrkesaktive delen av befolkninga, 21 – 67 år i forhold til dei som er 68 år og eldre, vil vere langt lågare i 2030 enn i 2021.

(Kjelde: Folketal og demografi i Region Nordhordland 01.01.2022, RNI)



Demografiske endringar knytt til alderssamansetting og framskrivingar for kommunane i Region Nordhordland tilseier at det kan bli utfordrande for kommunane å rekruttera og behalda nok og rett kompetanse. Nasjonale føringar, lovendring med nye reformar har ført til at kommunane har fått større ansvar for tenester som tidlegare låg under spesialisthelsetenesta.

Utfordringar knytt til barn og unge si psykiske helse er aukande, og det er forventa at kommunar og helseføretak skal samarbeida om tidleg innsats og førebyggjande tiltak.

Andre utviklingstrekk som gjev utfordringar for kommunar og spesialisthelsetenesta er mellom anna:

- Fleire eldre med samansette lidningar
- Fleire som lever med kroniske sjukdommar
- Endra sjukdomsbilete - frå infeksjon til livstilssjukdomar
- Utfordringar knytt til livsmeistring og psykiske lidningar
- Samhandlingssvikt mellom og innanfor tenestenivåa
- Utfordringar med å rekruttera og behalda personell
- Utfordringar med lang reiseveg til sjukehuset/spesialisthelsetenester.

Framtidig sjukdomsbilete vil vere prega av befolkningsutviklinga og fleire vil leve lengre med ein eller fleire langvarige lidningar eller resttilstandar etter alvorleg sjukdom. Samansette lidningar og psykisk sjukdom er òg forventa å auke.²

² Kjelde: [Nasjonal helse- og sykehusplan 2020-2023](#)

1.2.2 Felles utviklingsbehov

- **Berekraft og folkehelse**
Dei samla ressursane i samfunnet må nyttast betre, og tenestene må ha fleksibilitet og omstillingsevne. Dette set krav til innovasjon, endringsvilje og stor grad av medverknad frå ulike brukargrupper og aktørar.
- **Kunnskapsgrunnlag**
Det er behov for å auka kunnskap om tenesteinnhald og tenestekvalitet, organisering, leiing og analyse.
- **Kunnskapsbasert tenesteutøving og tenesteutvikling**
Det er etablert få strukturar for kunnskapssystem for kommunane når det gjeld å få fram kunnskapsbehov, utvikla, formidla og ta i bruk ny kunnskap. Mykje av kunnskapsutviklinga er initiert av andre enn kommunal sektor. Ein vil difor søke å styrke strukturar for samhandling og involvering m.a. gjennom felles analyseaktivitet, tenlege møteplassar og samarbeidsformer.

1.2.3 RNH – ein arena for kompetansebygging og samarbeid

Samlokaliseringa av tenester i Region Nordhordland Helsehus (RNH) legg godt til rette for ei felles satsing på fag- og tenesteutvikling, både i - og rundt Helsehuset. Bygget har fellesareal og møteplassar som legg til rette for aktivitetar, noko som kan bidra til å realisere forventa vinstar av å samle tenester og fagfolk under same tak. For å koordinera og leia utviklingsarbeidet er det tilsett ein ressursperson. Det er etablert felles struktur og plan for den utviklinga som vi skal få til saman.

Det er forventa at *Kunnskapssenteret* skal bli ein arena for kompetansebygging og fagleg utvikling for alle kommunane i Region Nordhordland. Kunnskapssenteret som eit konsept med eit innhald og ein metodikk er ikkje «hogd i stein», men noko som fellesskapet skal utvikla vidare. Målet er at kunnskapssenteret skal legge til rette for eit samarbeid både lokalt og regionalt mellom kommunar, fylkeskommune, spesialisthelsetenesta, universitets- og høgskulesektoren og andre utviklings- og kompetansemiljø. Gjennom arbeidet skal ein etablere strukturar for å dele, utvikle og implementere kunnskap og synleggjere aktuell forskingsaktivitet i regionen.

1.3 Overordna planar

Det finnes ulike lokale, regionale og nasjonale planar som gjev overordna rammer og føringar for dei ulike tenestene og fagområda i og rundt Region Nordhordland Helsehus, og som til dels grip inn i- og supplerer kvarandre.

Hovudgrep i nasjonale og regionale planar legg vekt på:

- endra oppgåvedeling mellom kommunar og helseføretak
- fokus på heilskapelege og koordinerte tenester
- tidleg innsats - folkehelse/førebygging
- forskning og utdanning
- digitalisering og bruk av teknologi

Dette inneber at denne planen må sjåast i samanheng med andre planar som gir rammer og føringar for tenesteyting og – utvikling.


Planstruktur

FTU-plan:
Operasjonalisering av ønska samarbeid og utvikling

Kva status skal ein felles plan for FTU ha opp mot anna plan- og avtaleverk?

Korleis sikre samanhengar mellom planane?

Kva satsingar og prioriteringar bør trekkast fram i ein felles plan for FTU?



Figuren over illustrer planar, strategidokument og samarbeidsavtalar som organisasjonane og deira tenester må forholde seg til, som også denne planen må taka omsyn til.

Døme på planar og avtalar:

- Felles satsingar for helse- og omsorgssektoren i NH 2021 – 2031
- Samarbeidsavtale om Helsefellelesskap; samhandlingsstruktur og samarbeidsformer
- Utviklingsplan 2035 for Helse Bergen HF
- Utviklingsplan 2035, Haraldsplass Diakonale Sykehus
- Handlingsplan for folkehelse Vestland 2022-2025 – Vestland fylkeskommune
- Samfunnsplanar, kommunedelplanar og økonomiplanar
- Partane sine kompetanseplanar

2. Mål og føremål for samarbeid knytt til Region Nordhordland Helsehus

Hovudmålsettinga med Region Nordhordland Helsehus (RNH) er å legge til rette for utvikling av brukarvenlege, berekraftige og framtidsretta løysingar, der kommunale, interkommunale og spesialiserte tenester er samlokalisert og samarbeider på tvers.

Føremålet med RNH er å:

- betra helse og tryggleik for innbyggjarane i Region Nordhordland gjennom meir heilskaplege og koordinerte tenester
- styrka samarbeidet mellom kommunane i regionen, spesialisthelsetenesta, brukarane og sivilt samfunn gjennom auka dialog, utvikling av gode samarbeidsløysingar og tenleg oppgåveløysing
- skapa eit fagleg fellesskap som bidreg til rekruttering og auka kompetanse i regionen.

For å følgje opp hovudmål og føremål med RNH er det semje om at partane skal samarbeide om felles satsingar knytt til fag- og tenesteutvikling i- og rundt RNH. Prioritering av satsingsområde tar utgangspunkt i identifiserte forventningar og behov, sett frå både eit tenestemottakar- og tenesteytarperspektiv:

A. for innbyggjarane (tenestemottakarar)

Betre tilgang til eit breitt, kompetent og pasientnært tenestetilbod i Region Nordhordland:

- *oppretthalda eksisterande spesialisthelsetenestetilbod lokalt*
- *etablera nye tenester og tilbod lokalt, deriblant naudsynt spesialisert kompetanse*
- *redusera reisetid og belastning på dei pasientgruppene som treng det mest*
- *auka tryggleik i kvardagen*
- *auka grad av involvering i tenesteutforminga*
- *auka fokus på tenester som byggjer opp rundt- og forsterkar innbyggjaren sine ressursar, ynskjer og mål*
- *styrke satsing på tidleg innsats, livsmeistring og førebygging.*

B. for kommunane, helseføretak og fylkeskommunen (tenesteytarane)


Sikra gode arbeidsplassar for tilsette i ein fagleg spanande kontekst som betrar verksemda si evne til måloppnåing i samsvar med verksemda sine formål og samfunnsoppdrag.

- *auka samarbeid om ressurs- og kompetanse krevjande oppgåver*
- *forbetra tilgang til tverrfaglege utviklingsarenaer, undervisningstilbod og kompetanseheving*
- *oppnå synergjar kopla til sambruk av lokale, team-organisering og samarbeid på tvers av faggrupper og kommunale, interkommunale og statlege verksemder*
- *skapa ein arena for utvikling av nye arbeidsmåtar og rutinar på tvers av tenestenivå*
- *skapa organisasjon og struktur for samarbeid innan forskning, analyse og styringsdata*
- *utvikla kultur, arena og rutinar for samarbeid og samhandling med sivilt samfunn som styrkjer frivillig sektor.*

3. Felles satsingar for Fag - og tenesteutvikling 2022-2026

Gjennom konsept- og utgreiingsfasen 2019 – 2021 er det kartlagt og identifisert aktuelle felles satsingar for Fag - og tenesteutvikling 2022-2026.

Det er arbeidd etter følgjande tre arbeidslinjer:



Kartlegginga har gitt oss eit kunnskapsgrunnlag for komande prioriteringar av satsingsområde, som vil bli konkretisert i Del 2 handlingsplan.

Døme på satsingar:


- ❖ Heilskaplege og koordinerte tenester
- ❖ Førebyggjande arbeid og tidleg innsats
- ❖ Felles satsing for grupper med samansette behov
- ❖ Forsking og innovasjon – i og med kommunane
- ❖ Etablere samarbeidsarenaer; nettverk- og møtearenaer
- ❖ Kurs- og kompetanseutvikling
- ❖ E-helse

Handlingsplanen vil slik prioritere tiltak, involvering, tidsestimat og ressursbehov innanfor dei ulike satsingsområda.

4. Styringsmodell for organisering av samarbeid om fag- og tenesteutvikling frå 2022 →

Vidare samarbeid om fag- og tenesteutvikling i - og rundt Region Nordhordland Helsehus er prosjektorganisert med ei styringsgruppe, ressursgruppe og temagrupper. Samarbeidet har eigen prosjektleiar/koordinator, tilsett i Region Nordhordland IKS. Prosjektleiar/koordinator har mandat frå styringsgruppa for fag- og tenesteutvikling.

4.1 Styringsmodell



4.2 Styringsgruppa

Styringsgruppa har eit overordna ansvar for framdrift og måloppnåing. Styringsgruppa godkjenner handlingsplanar, korrigerer, rettleiar og skapar handlingsrom for planlegging, gjennomføring og evaluering av tiltak knytt til utviklingsarbeidet i og rundt RNH.

4.2.1 Styringsgruppa sitt oppdrag

Styringsgruppa har det overordna ansvaret for:

- framdrift og måloppnåing
- å godkjenne årlege handlingsplanar i samsvar med satsingsområda og prioriterte tiltak
- å gje nødvendig mandat med rammer for organisering, økonomi og ressursar
- godkjenne søknader om eksterntfinansiering av prosjekt på tvers av samarbeidspartane
- prosess- og leiingsstøtte for prosjektleiar.

Styringsgruppa kan, undervegs i prosessen komme med justeringar knytt til prioriterte område og satsingar.

4.2.2 Samansetting av styringsgruppa

Styringsgruppa er sett saman av:

- Brukarrepresentant (2)
- Kommunane (4), fordelt på helse/omsorg og oppvekstsektoren i Alver og samarbeidskommunane
- Helse Bergen (2, fordelt på somatikk og psykisk helsevern)
- Haraldsplass Diakonale sykehus (1)
- NKS Olaviken Alderspsykiatriske sykehus (1)
- Vestland fylkeskommune - tannhelsetenesta (1)
- Region Nordhordland IKS (1)

4.3 Ressursgruppa

Ressursgruppa har saman med prosjektleiar ansvar for oppfølging av mål og gjennomføring av prioriterte tiltak og satsingar i handlingsplanen. Gruppa skal fungere som bindeleddet mellom styringsgruppa og temagrupper i utviklingsarbeidet.

4.3.1 Ressursgruppa sitt oppdrag

Ressursgruppa skal:

- saman med prosjektleiar utarbeide årlege handlingsplanar og rapportere til styringsgruppa undervegs i arbeidet
- bidra til at samarbeidspartane følgjer opp prioriterte satsingar i vedtekne handlingsplanar
- bidra til kommunikasjon og samarbeid med forskings- og utdanningsmiljø
- sikre involvering av samarbeidskommunane, og legge til rette for kommunikasjon og samhandling med fagmiljøa
- bidra til å styrka fagleg fellesskap og utvikling
- bidra til utvikling av kompetanse, opplærings- og kursverksemd i *Kunnskapssenteret* i RNH
- etablere temagrupper og utarbeide mandat med oppgåver og mynde
- bidra til å styrka samarbeidet med og involvering av brukargrupper og sivilt samfunn i utviklingsarbeidet
- fremje søknader om eksternfinansiering av prosjekt på tvers av samarbeidspartane
- bidra til val av metode og verktøy for evaluering av tiltak og satsingar

4.3.2 Samansetting av ressursgruppa

Ressursgruppa er sett saman av:

- Prosjektleiar (leiar) (RNI)
- Ressursar frå kommunane (2 frå Alver og 2 frå samarbeidskommunane, fordelt mellom oppvekst og helse/omsorgssektoren)
- Ressursar frå spesialisthelsetenesta (2)
- Tannhelsetenesta (1)
- Samhandlingskoordinator (RNI)

4.4 Prosjektleder

Prosjektleder har ansvar for å koordinere og leie arbeidet med oppfølging av mål, prioriterte tiltak og satsingar i handlingsplan. Prosjektleder er administrativt plassert i Region Nordhordland IKS, som har arbeidsgjevaransvaret.

4.4.1 Prosjektleder sitt mandat

Prosjektleder har ansvar for:

- å utarbeide årlege handlingsplanar i tråd med prioriteringar innafor dei mål, prioriteringar og rammer som er nedfelt i styringsdokumentet.
- å rapportere til styringsgruppa undervegs i utviklingsarbeidet
- at utviklingsarbeidet skjer i tett samarbeid med samarbeidspartane i prosjektet, brukarrepresentantar, relevante fagmiljø, samt andre offentlege og private/ideelle aktørar.

4.4.2 Prosjektleder sine arbeidsoppgåver

Prosjektleder sine arbeidsoppgåver:

- Koordinere arbeidet med å følgje opp målsetjinga med felles utviklingsarbeid
- Ivareta leiarfunksjon for ressursgruppa
- Bidra til vidareutvikling av samarbeidet mellom ulike tenesteområde, faggrupper og aktuelle pasient-/brukargrupper
- Bidra til etablering av møteplassar og samarbeid, samhandling og innovasjon mellom samarbeidspartane og andre kompetansemiljø - og til utvikling av samarbeid med forskings- og utdanningsinstansar (FoUI - kontakt)
- Sikra medverknad og involvering av alle samarbeidskommunane
- Koordinere kompetanse-, opplærings- og kursverksemd i Kunnskapssenteret i RNH
- Koordinere arbeid med felles portal for informasjon og kommunikasjon om fag- og tenesteutvikling
- Bidra til å fremja søknader om eksternfinansiering av prosjekt på tvers av samarbeidspartane

4.5 Temagrupper

Temagrupper vil etablerast i samsvar med prioriterte satsingar.

Oppgåver:

- Oppfølging og vidareutvikling av tiltak og prosjekt knytt til handlingsplanen, samt evaluering av desse undervegs.
- Samansett av fagressursar og brukarrepresentantar innanfor aktuelle satsingar og temaområde.
- Kan knyte til seg eksterne ressursar ved behov og i samsvar med mandat og rammer for tiltaket.
- Involvere aktuelle referansegrupper i prosessen
- Kvar gruppe skal ha ein leiar, eige mandat og skal rapportere til ressursgruppa.

4.6 Referansegrupper

Referansegruppene er ein viktig drøftingspart for prosjekt- og temagruppene. Dei skal ha ei rådgjevande rolle og kan involverast ved behov.

Aktuelle referansegrupper kan t.d. vere brukargrupper og interesseorganisasjonar, aktuelle fagråd, utval og nettverk i kommunar og sjukehus.

5. Økonomiske rammer – ressursbehov og finansieringsmodell

5.1 Ressursbehov

Styringsdokumentet skal gje struktur og rammer som skal bidra til å skape naudsynt handlingsrom for å sikre måloppnåing og operasjonisering av ønska felles utvikling og tiltak.

Ved planlegging og gjennomføring av tiltak må ressursbehov og fordeling av kostnader vurderast og avklarast.

5.1.1 Felles ressurs for leiing og koordinering

Det er sett av midlar frå samarbeidspartane til ein felles stilling for leiing og koordinering av vidare utviklingsarbeid. Stillingsressursen får i hovudoppgåve å følgje opp felles plan for samarbeid, og i dette vere ein bidragsytar i utviklinga og oppfølging av handlingsplanen dei neste fire åra.

| | | Årleg forventa kostnad i 1.000 kr | | | | | |
|------|--|-----------------------------------|--------------|--------------|--------------|--------------|--------------|
| Post | Kostnadselement | År 1 | År 2 | År 3 | År 4 | År 5 | |
| 1 | Lønn | 700 | 718 | 735 | 754 | 773 | |
| 2 | Arb giv avg og pensjon | 210 | 215 | 221 | 226 | 232 | |
| 3 | Kontor areal inkl andel av møterom | 75 | 77 | 79 | 81 | 83 | |
| 4 | Reiser | 50 | 51 | 53 | 54 | 55 | |
| 5 | Kurs og div inkl møter - lokale og forpleini | 100 | 103 | 105 | 108 | 110 | |
| 6 | PC, data og mobil | 20 | 21 | 21 | 22 | 22 | |
| 7 | Prosjektadm - regnskap og div* | 46 | 47 | 49 | 50 | 51 | |
| | Total kostnad | 1 201 | 1 231 | 1 262 | 1 294 | 1 326 | 6 314 |
| | | | | | | | |
| | *% av kostnadene | 4,0% | | | | | |
| | Forventa årleg lønns og prisauke | 2,5% | | | | | |
| | | | | | | | |

Figur: Oversikt kostnader knytt til felles ressurs.

5.1.2 Eigeninnsats og andre ressursbehov

For å følgje opp satsingsområda og ulike prosjekt og tiltak er det forventa noko eigeninnsats frå samarbeidspartane.

Konkrete tiltak og prosjekt vil kunne trenge eksterne midlar, eit behov som vil bli tydeleggjort i handlingsplanen.

5.2 Finansieringsmodell

Finansiering av kostnader knytt til felles ressurs for koordinering og leiing legger ei slik kostnadsfordeling til grunn:

- 50% fordelt mellom HB, HDS og VFK, der fordelingsnøkkel vert avklara mellom partane.
- 50% fordelt på dei 7 kommunane i Region Nordhordland som er eigarar av RNH, med 1/3 fast og 2/3 etter innbyggartal.

Fordelingsmodellen kan leggest til grunn ved andre finansieringsbehov.

Ressursbehov knytt til konkrete tiltak og prosjekt skal avklarast og forankrast i styringsgruppa. Samarbeidspartane har ansvar for å sikre naudsynt forankring- og beslutningsprosessar i eiga organisasjon knytt til dette. Kostnader kan bli søkt dekkja gjennom ekstern finansiering.

6. Evaluering av felles plan del 1 og del 2

Det blir viktig å evaluere felles plan undervegs i prosjektperioden. Styringsdokumentet (del 1) bør evaluerast ved større endringar knytt til satsingsområde, organisering og struktur for oppfølging. Styringsgruppa godkjenner eventuelle endringar. Styringsdokumentet skal evaluerast med intervall kvart 4. år, og første gong innan 31.12.2024.

Handlingsplanen (del 2) skal evaluerast årleg, og oppfølging og utvikling av denne bør drøftast i dei ulike områda i styringsstrukturen. Styringsgruppa godkjenner større endringar, men ressurs for leiing og koordinering har eit utvida mandat til å gjere mindre endringar i handlingsplanen. God dialog og forventingsavklaringar kring evaluering og utvikling av handlingsplanen vert ein viktig del av oppfølginga av felles plan for samarbeid.

